



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

MØTEBOK HARDANGER UNGDOMSRÅD

Torsdag 01.11.2018
Næringshagen i Odda
09.30 – 14.00

Til stades:

Kvam herad:	Ungdomsrådsmedlem Lena Tufta
Kvam herad:	Ungdomsrådsmedlem Elias Selsvik Undal
Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsnestleiar Teodor Stavanes
Ulvik herad:	Ungdomsrådsleiar Bjørk Thorbjørnsen
Granvin herad:	Ungdomsrådsleiar Marte Kristoffersen
Granvin herad:	Ungdomsrådsnestleiar Marte Opheimsvangen
Odda kommune:	Ungdomsrådsleiar Vincent Gabriel Kollbotn
Odda kommune:	Ungdomsrådsnestleiar Vegard Tveit

Ikkje tilstades:

Jondal kommune:	Ungdomsrådsleiar Tiril Eiken
Ullensvang herad:	Ungdomsrådsleiar

Andre:

Odda kommune:	Vibeke Lynghamar til kl 1015
Kvam herad:	Kari W. Vik
Granvin herad:	Siri Stuve
Hardangerrådet:	Jostein Eitrheim til kl 1130, Trude Læg Reid Rinaldo

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

AGENDA:	
09.30	Inspirasjon
10.00	Hardanger Ungdomsråd (HU) konstituering
10.15	Sakshandsaming HU
11.30	Lunsj
12.15	Sakshandsaming HU fortset
INSPIRASJON:	
Velkomne til nye Ungdomsrådsleiarar i Hardanger Ungdomsråd.	
Me vil fortelja om kven me er og litt om kva me har gjort før.	

HU-sak 09/18

Konstituering

Vedtak:

Grunna for få frammøtte leiarar er denne saka utsett til neste møte

HU-sak 10/18 Møteplan 2019

Vedtak:

Denne møteplanen, korrigert i møtet, er vedteken for Hardanger Ungdomsråd 2019 .

Hardanger Ungdomsråd 2019	Torsdag 31. januar Ulvik	Torsdag 21. februar Granvin	Fredag 15. mars Kvam Hardanger Ungdomsting	Torsdag 25. april Jondal	M A I	J U N I	J U L I / A U G	September 2019 Aktivitets- helg ??? Eidfjord	O K T O B E R	Torsdag 07. november Ullensvang Konstituering	Torsdag 05. desember Odda
-------------------------------------	---------------------------------------	--	---	---------------------------------------	-------------	------------------	--------------------------------------	--	---------------------------------	---	--

HU-sak 11/18

Møte med Hordalandsbenken i Oslo 4.12.2018

Presentasjonen:

HU vil presentera problemstillingar gjennom ekte historiar frå Hardanger og Norge. Med å personifisera argumenta, trur me på å nå inn til politikarane med budskapet vårt. Hardanger Ungdomsråd har høge forventningar til resultat i denne saka.

Som bakteppe til desse historiane vil me presentera fakta og generelt budskap i ein presentasjon. Fleire av medlemmene vil presentera historiar, nokon vil presentera fakta.

Kva er saka vår? **Hardanger Ungdomsråd ber om at Responstid for Ambulanse vert lovfesta slik anbefalingane er, 12 minutt i by og 25 minutt på bygda.**

Liste over moment me vil ta framgjennom historiane:

- 1. Brannvesenet kjem alltid fyrst.** Kvifor? Kven rammer dette?
- 2. Dette gjeld ikkje berre Hardanger.** Dette gjeld ikkje berre Hardanger, jmf Ambulanseflya i Nord Norge. Me forventar like helsetenester for alle i heile landet.
- 3. Alle har rett til å kjenna seg trygge**
 - responstid vil sikra dette. I dag har Hardanger ALLTID store avvik på kva ein skal forventa.
 - uten lovverk får dette ingen konsekvensar for Norge, men kan få store konsekvensar for den skadde.
- 4. Vegane er svært ulike i landet.** Det tar lenger tid å koma seg fram på dårlege vegar, er det teke med i berekning av antal ambulansar og kvar dei er stasjonert?
- 5. Er bygdefolk mindre verdt enn by folk?**
- 6. Det kan vera tilfeldige personar som kjem fyrst til ei ulukke.** Det kan vera eit grusomt ansvar å ha , og at ein då kan risikera å venta i 1 time på hjelp er ikkje akseptabelt.
- 7. Reforma har redusert tal tilgjengelege legar.** Den lokale legevakta er flytta til regionsentra.
- 8. ME ønskjer å bu i Hardanger.** Her er me glade og stolte - her er vår identitet. Men me kan ikkje bu ein stad det ikkje er trygt.

Nytt møte:

**Planleggingsmøte torsdag 8. november kl 1800 på "skype".
Sak: Førebuing til møte med Hordalandsbenken 4.12.2018 på Stortinget.**

HU-sak 12/18 Hardanger Ungdomsting 2019 – arbeid med innhald

HU oppfordrar alle råda til å diskutera kva TEMA og SAKER Hardanger Ungdomsting skal drøfta 15. mars 2019 i Strandebarm, Kvam herad.

Forslag ber me dykk ta med på neste møte.

Forslag i møtet:

Trygg skuleveg! Må få betre vegar og meir rassikring

Kvifor flytter folk frå Hardanger? Kva kan me gjera for å motvirka det?

Hardanger ungdomsråd i framtida? Nye kommunar frå 2020. Kva gjer det med Hardanger Ungdom råd?

Val av Ungdomsråd. Korleis vert dei ulike råda valde? Er det demokratisk? Kan ungdomsråda i Hardanger ha felles reglar for val av ungdomsråd?

HU-sak 13/18 Oppsummering 2018 – veggen vidare

Via eit lite tilbakeblikk finna ut kva saker HU vil ta tak i framover? Er det noko kjekt de har lyst å får til ? Tenk på kva som kunne vore bra for ungdom å ta opp i fellesskap. Ta med idear til møtet.

HU-sak 14/18 Informasjon om arbeid frå den einskilde kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.

Granvin: Skal slå seg saman med Voss, og drøftar kva Granvin ungdomsråd skal vera i framtida.

Ulvik: Skal gå gjennom vedtektene sine, lenge sidan sist. Arbeider med å gjera ferdig ungdoms-klubben.

Odda: Har hatt 1 møte, der rådet vart konstituert. Snakka om 16 mai arrangementet i Kinsarvik.

Kvam: Ikkje hatt møte denne hausten endå. Får 3 nye representantar. Før ferien arbeida dei med budsjettet, skreiv tilbakemelding til kommunen, og vart høyrde på det dei tok opp i Heradstyre Arbeider med å arrangera "Trafikksikker dag".

No har dei ein undersøkelse om psykisk helse, anonymt på nettet, for å kartlegga korleis det står til for ungdomane i Kvam. Håpar på betre svar når ungdomane gjer dette arbeidet sjølve, og det skjer på nettet.

Rådet har også hatt dialog med politiet, om kva som skjer i heradet.

Rådet har hatt besøk av helse og plan. Har også vore med i diskusjon om den nye vgs som skal Hordaland fylkeskommune skal byggja i Kvam. Får vera med å påverka korleis den skal sjå ut. No skal dei igang med nye budsjettforhandlingar.

Ny idrettspark skal byggast, vore med å sett på løysingar og på kva ungdomen vil ha med der. Målet er å få aktivitetar for alle aldrar.

Ungdomsrådet har hatt føredrag for foreldre på ungdomsskulen, om ung data undersøkelsen.

Eidfjord: Dei har konstituert, og starta på arbeid med oppussing av ballbingen. 12. november skal dei ha nytt møte, då startar budsjettarbeid.

Rådet skal også igang med arbeid med skulen om leksefri skule.

Referent Trude L. Rinaldo